

Frå ein av dugnadene i Takhagen



Søknad til tilskot til lokale miljø- og klimatiltak

Bærekraftige liv på Nordnes



Kven er Bærekraftige liv på Nordnes?



Bærekraftige liv på Nordnes vart starta i 2014, etter inspirasjon frå Bærekraftige liv på Landås. Sidan då har me arrangert ein rekke kurs og aktivitetar som har som mål å minska det økologiske fotavtrykket og auka livskvaliteten til oss som bur på Nordnes.

Døme på aktivitetar er

- Vegetarkurs
- byttefestar for t.d sportutstyr, kjøkenutstyr og leiker
- garasjesalg på Klosterplassen (for oss utan garasje)
- sykurs, der me syr våre eigne posar
- samkøyringsverkstad (foredrag og praktisk rettleiing innan Carma-appen)
- neslesuppekurs (i takhagen)
- park(ing)day, i samarbeid med kommunen/fylkeskommunen
- fast hagedag i Takhagen der alle som vil kan komma og hjelpa til i hagen

Me ser ei positiv utvikling når det gjeld miljøengasjement i nabølaget og ynskjer å framleis leggja til rett for at det skal vera lett og gøy og ta dei rette vala!

Økonomi

Reint økonomisk freistar me å gå i null, og har per i dag ingen eigen økonomi. Me meiner òg at aktivitetane våre skal vera for alle, og vel difor å gje aktivitetane gratis, evt ha så låg eigenandel at dei fleiste har høve. Dette fører til at me ikkje har høve til å arrangera aktivitetar som kostar noko særleg, og er difor avhengig av støtte for å kunne gjennomføra aktivitetar der me t.d. leiger inn kurshaldarar.

Dette gjer òg at det er særskilt vanskeleg å kunne fylla ut eit budsjett. All vår «inntekt» er nemleg frivillege sin arbeidsinnsats og dugnadsglede.

Me har likevel freista å gje eit forsøk og vonar de har høve til å støtta oss!

Beste helsing

Synnøve Misje og Elin Hestenes, på vegne av Bærekraftige liv på Nordnes



Prosjektskildringar

Me søker støtte til tre ulike prosjekt:
Bokashi-komposterkurs, sykkelverkstad og utstyr til Takhagen.

1. Bokashi-komposterkurs

Stappfullt hus på kompostkurs

9 FEBRUAR 2016 AV HANNE INDRÉHUS

Del denne artikkelen



Mandag denne uken var det kurs i kompostering på Nordnes bydelshus. Foto: Hanne Indrehus

Fra www.nordnesrepublikken.no

Bokashi er ein komposteringsform som ein kan gjera innandørs og som gjer matavfall om til jord på så kort tid som to veker. Det einaste ein treng er lufttette bøtter og eit spesielt strø som inneheld effektive mikroorganismar. Komposten er luktfri og tiltrekker seg ikkje skadedyr, noko som gjer det perfekt for oss som bur i by og har liten eller ingen hage.

BIR har nyleg godkjend denne typen komposteringsforma, og dekkjer inntil 1000 kr til innkjøp av utstyr.

Me arrangerte eit kurs mandag 8. februar i år, og leigde inn Kristine I. Ullaland, ein zero-waste-bloggar og ihuga bokashi-komposterar. Kurset var så populært at me til slutt måtte ha ventelister for å komma med.

Grunna den store interessa ynskjer me å arrangera eit kurs til. Denne gongen er ikkje Nordnes bydelshus ledig, og me er i kontakt med kommunen om hove til å leiga kantina i Bergen rådhus. Her har me ikkje fått endeleg svar, og veit difor ikkje kor mykje ei eventuell leige vil verta. Me må imidlertid forventa at den vert høgare.

Med ein eigenandel greidde me nesten å komma i mål økonomisk med det fyrste kurset. Me sokjer difor om støtte til kurs nummer 2, samt dekkje av restbeløp for kurs nummer 1.

Kurs 8. februar

Inntekter

Eigenandel for kursdeltakarar: 50 kr á 50 deltagarar	kr 2500
--	---------

Inntekter totalt	kr 2500
------------------	---------

Utgifter

Honorar til kurshaldar	kr 2000
------------------------	---------

Leige av Nordnes bydelshus	kr 250
----------------------------	--------

Dekkje av utgiftene til kurhaldar:	kr 750
------------------------------------	--------

Utgifter totalt	kr 3000
-----------------	---------

Restbeløp me søker dekke av	kr 500
------------------------------------	---------------

Kurs nummer 2, vår-16

Forventa inntekter

Eigenandel for kursdeltakarar: 50 kr á 40 deltagarar	kr 2000
--	---------

Inntekter totalt	kr 2000
------------------	---------

Utgifter

Honorar til kurshaldar	kr 2000
------------------------	---------

Leige av lokale	kr 1000
-----------------	---------

Dekkje av utgiftene til kurhaldar:	kr 750
------------------------------------	--------

Utgifter totalt	kr 3750
-----------------	---------

Beløp me søker støtte til	kr 1750
----------------------------------	----------------



2. Utstyr til Takhagen

Takhagen ligg på taket av Nordneshallen. Dersom du er på Akvariet går du berre rett over gata frå hovudinngangen, og så er du der.

Takhagen er ein felleshage - alle kan vera med på luking og dyrking, og alle er velkomne til å turen innom og plukka det dei har lyst på.

Utgongspunktet var tre store dyrkekassar som Bergen kommune sette opp i 2004, samt nokre frukttrær og bærbuskar som var forsømte. Planen var at kassane skulle bli nytta av Nordnes skole til ulike dyrkeprosjekt, men tida strakk ikkje til for dei tilsette.

Me i BL Nordnes snakka med Grønn etat og fekk jord og gjødsel, og opna Takhagen våren 2014. Kvar dugnad kjem store og små og hjelper til med planting og luking, og me har ein fast dag i veka der me treffest og ser kva som trengs å gjerast.

Me har eit godt samarbeid med Grønn etat og Nordneshallen, og hagen har blitt svært populær hjå nordnesbuarane.

Bergen kommune hjelper oss med jord og gjødsel, og me har fått pallekarmar av lokale entreprenørar. Nordneshallen har ei redskapsbod med ein del hageutstyr som me fritt får låna, samt at dei sørger for at vannkrana til ei kvar tid fungerer.

No er me klar for den 3. sesongen, mange er engasjerte og me ser behovet for meir utstyr.



4. klasse-gutar haustar mandelpoteter

Takhagen

Inntekter/ anna hjelp:

Nordneshallen stiller med verktøybod og ein del redskap

Bergen kommune ved Grønn Etat betaler jord, gjødsel og bærbuskar

Gratis pallekarmar frå lokale byggeprosjekt (t.d. Nøstet panorama)

Me søker støtte om:

Nøkkelskap med kode til nøkkelen til redskapsboden (pris hentar frå Clas Ohlson)	kr 299
Hagehanskars til barn og vaksne: 5 par til barn á kr 49 og 5 par til vaksne á kr 14,90 (pris henta hjå Biltema)	kr 320
Krokars til verkstedboden: 3 rekker á kr 199 (pris henta frå Clas Ohlson)	kr 597
Hagesaks (pris henta på Jula)	kr 249
Ulike typar frø: 10 pakkar á kr 35 + kr 50 i frakt (prisar frå <u>solhatt.no</u>)	kr 400
Søknadssum:	kr 1865



3. Sykkelverkstad og testing av el-sykclar

Me vil invitera nordnesfolk (og andre som vil) til å komma med sykkelen og få den i stand til vår- og sumarsesongen. Me har kontakta Den Grønne Sykkel til å hjelpa dei som vil fiksa sykkelen. Dei har ein mobilt sykkelverkstad samt dyktige mekanikarar. Sykkeleigaren betaler sjølv for delane. I tillegg vil me ha demonstrasjon av el-syklar. Klosterplassen har fram til no vore parkeringsplass, men det har no vorte vedteke at plassen skal verta bilfri - til stor begeistring for dei aller fleste! Det er difor naturleg at verkstaden vil finna stad her, på vår nye samlingsstad.

Sykkelverkstad

Inntekt/anna støtte:

Frivillege til å hjelpa til under arrangementet

Eigenbetaling av delar under sykkelreparasjon

Me søker støtte om:

Mobilt sykkelverkstad i 3 timer: kr 1000/t	kr 3000
--	---------

Ekstra mekanikar (anbefalt) i 3 timer: kr 750/t	kr 2250
---	---------

Søknadssum:	kr 5250
--------------------	----------------

Søknadssummar

Bokashi-kurs nr 1	kr 500
Bokashi-kurs nr 2	kr 1750
Utstyr til Takhagen	kr 1865
Sykkelverkstad på Klosterplassen	kr 5250
Samla søknadssum:	kr 9365